

# Villreinjakta i Hjelmeland

Arne Kleppa





**Arne Kleppa:**  
**Villreinjakta i Hjelmeland**

Utgjeve av XXX

2019

Layout: Naturinform SA, 4230 Sand  
Omslagsbilde lav: Rune Roalkvam  
Omslagsbilde villrein: fotograf ukjend.

Trykk: xxx

# Villreinjakta i Hjelmeland



Villrein. Foto: Ragnar Djuvik.

## Innleiing

«No skaut du vanedyret, far!»

Dei fleste villreinjegerane i områda våre kjenner historia om veidemannen som var blind og låg på bogastellet aust for Undeknutvatnet og jakta reinsdyr med pil og boge. Blind! Korleis kunne det la seg gjera å jakta villrein utan å sjå?

Etter det saga seier, var det augo til dottera han nytta seg av. I tillegg var bogen sikta inn på eit fast punkt der dyra måtte passera på ei smal stripe mellom eit vatn og ein fjellnabbe. Om dottera ikkje var til stades når dyra kom, hadde han lagt ei steinhelle som klappa i berget av trykket frå dyreklauvene. Han visste dermed kva tid pilspissen skulle forlata bogestrengen og med drepende



kraft fella dyret. Det ulukkelege reinsdyret vart ikkje vilkårleg utvalt. Vanedyret, eller varsimla, går alltid først i flokken. I gammal tid skulle aldri vårsimla skytast. Det var bannlyst. Om vårsimla vart borte, var dette einstyddande med kaos i flokken, flokken vart utan leiar, rett og slett. Og utan leiar kunne det gå lenge før flokken kom på denne staden att. Å skyta vårsimla tydde kort og godt ulukke. Dyr nummer to i flokken skulle heller ikkje skytast, det var nestleieren i flokken. Ho var klar til å ta over om leiarsimla skulle falla ifrå. Derimot var dyr nummer tre svært utsett for fall, for det var ved den tredje klappinga i steinhella at pilspissen suste mot målet.

Når dottera var med, var det ho som gav klarsignalet. Ungjenta var meir enn lei av dette «styret». Noko måtte gjerast, og ho la ein plan som ho visste ville bli ein suksess for henne – om han slo til. Vårsimla måtte skytast snarast råd. Med klarsignal om å skyta på sjølvaste vårsimla var saka biff – i dobbel forstand. Faren kunne ikkje etter denne fatale hendinga uttrykkja noko anna enn det som i ei slik stund måtte koma:

«No blir det aldri skote meir dyr på dette stellet!»

Bogastellet. Foto: Privat



*Blåfjellmassivet med Øvre Sanddalsvatnet i framgrunnen. Vatnet er nå del av Blåsjø. I nedre høgre hjørne ser vi «gamle Hawaii» som nå er borte. Foto: Arne Kleppa.*

Og slik vart det. Med stor sorg pakka mannen sakene sine. Han kom der aldri meir. Om historia nokon gong har hendt, og eventuelt kva tid, veit vi ingenting om. Ein ting står likevel fast: Reinsdyrjakt har det vore i heiane våre i uminnelege tider.

## Jakt i eldgammal tid

Arkeologiske funn viser at villreinen alt for 7000 år sidan var byttedyr for jegerar i våre område. Spora etter dei første fangstfolka er i stor grad konsentrerte i områda rundt Øvre Storvatnet og Gyvatn. Dette er område som i alle tider har vore dei mest omfattande trekkrutene for villreinen. I området rundt Gyvatn er det framleis mange godt bevarte fangstanlegg å finna, medan fangstanlegga frå den første tida ved Øvre Storvatn har drukna i Blåsjø.

Innanfor grensene til heiane i Hjelmeland kommune er det gjort funn i Storhiller som på mange måtar kan samanhaldast med funna ved Gyvatn og Øvre Storvatnet, det vil seia at den eldste bruken av helleren kan daterast attende til om lag 7000 år før nåtid. Ei lokalisert dyregrav ved Kannekleiv og at vatnet nordaust for Storhiller ber namnet Dyragravvatnet, fortel om fangst av villrein her frå den første tida det kan sporast jakt på villrein. Fleire stader er det òg vister etter fangst

av villrein frå eldre tider, mellom anna ved Eidavatn og Årdals-Krymlevatnet. Namn som Bogastellheia og Setet i Undeknut-traktene stadfestar det same. Dyregravene er dei eldste fangstanlegga som er synlege i jaktområda i dag. Teoretisk tidfesting av desse kan gå så langt attende som om lag 8000 år før nåtid. Kjende dyregraver frå våre område har truleg ein alder på mellom 1600 og 1700 år. Vi kan dermed gå ut frå at dyregraver vart brukte til villreinfangst langt inn i mellomalderen. Før dyregravene vart tekne i bruk, vart det nytta mange slags fangstmåtar, til dømes lassofangst, å jaga dyra utfor stup eller å jaga dei på vatn og dermed lettare få tak i dei og avliva dei. I Rondane er det til dømes godt bevarte fangstanlegg for masseslakt av villrein.

I eldre tider var villreinjakta i Hjelmelandsheiane samanlikna med andre nærliggjande område i Setesdal Vesthei mindre omfattande. Den sterkaste indikasjonen på dette er langt færre spor etter fangstanlegg, til dømes dyregraver. Likevel var villreinjakta kanskje opp mot tusen sidan ein avgjerande faktor i livberginga for mange – særleg for dei som budde eller dreiv med jordbruk nærast «dyaheio», eller «dyaheiå» på hjelmelandsdialekten. I Ulladalen, som er del av Suldal kommune, seier dei «dyaheio», men lenger nede i dalen, som er del av Hjelmeland kommune, er det ikkje «dyaheio», men «dyaheiå». Historia stadfestar at heia og jakta som hørde til eit





*Dyregrav ved Gyvatn. Foto: Arne Kleppa*

gardsbruk, i mange høve vart verdsette like høgt eller jamvel høgare enn det å driva med ordinært jordbruk.

Maten, kleda og opphaldsstadene i heia **brukte** på denne tida vitnar om at veidemannslivet ikkje var for sveklingar. Ein skulle vera utrusta med kroppsleg og mental styrke langt over gjennomsnittet for å gjennomgå dei påkjenningane veidemannen vart utsett for. I tidlegare tider var det berre «nødlingen» som viste leia for jegerar og andre med ærend i heia. Sjølv om du er lommekjend der du går, så nyttar det ofte lite i mørke og tett skodde. Då var nødlingen nødvendig å ha for å finna nattelyet eller eidet mellom to vatn. Kart, kompass og alt anna som finst i dag for å finna fram, var ikkje oppfunne då dei første veidemennene merkte opp leia med nødlingar. Gamle nødlingfar finst overalt der jegerane farta mest. Mang ein jeger i nyare tid har sett stor pris på desse. Med kjøtbør på ryggen er det trygt å vita at her har det tidlegare fare folk som har bore tungt.

Maten var ofte avgrensa til flatbrød, smør, kanskje noko havremjøl til suppe og kaffi til alle tider etter at denne meir eller mindre vart folkedrikk utover på førstninga av 1800-talet.

*Spisnødlingen. Foto: Arne Kleppa*







*Gluggnødlingen. Foto: Arne Kleppa*

Veidemannen hadde som regel ikkje meir klede med seg enn eit par sokkar og ryggskinn utanom det han stod og gjekk i. Ryggskinnnet var til å breia over seg om natta eller til underlag når tilhøva gjorde dette mogleg. Overtrekk til vern mot regn og vind var ennå ikkje oppfunne. Ull under og vadsmål utanpå var kledninga. At dette i klimaet vårt medførte mange netter i dyvåt tilstand, er heilt opplagt. Når vi då veit at nattelyet oftast var store steinar eller primitive hellerar, så må dette meir enn ein gong ha vore «basje». Likevel, to drivkrefter var avgjerande for dette på mange vis primitive livet i heia: livberging og brusande veidemannsblod.

## Villreinhistoria i Hjelmeland i nær fortid og nåtid

«Med våpen skal mannen veida dyr kvar han kan, kven det so er som eig utmarki.»

Slik var stoda i hundrevis – ja, beint fram – tusenvis av år. Gulatingslova som vart til i mellomalderen, var truleg berre ei stadfesting på jaktretten slik han hadde vore i uminnelege tider. I 1899 vart det slutt på dette privilegiet for ein og kvar som måtte ha ønske om å jakta villrein. Den nye jaktlova som då kom, slo fast at jaktretten skulle følgja eigedomsretten. Jeger utan eigedom måtte skaffa seg jaktløyve hjå grunneigaren. Dette vart for mange jegerar ein dramatisk endra situasjon. I tillegg var rovdyrplaga så stor i førstninga av 1900 talet at levkåra for villreinen var trua. Situasjonen var så fortvila at villreinen var totalfreda i fleire år framover. Dei rådande tilhøva blir difor ein del av bakteppet for skildringa av historia i dyreheia utover i første delen av 1900 talet.

På denne tida entra oslomannen Thorvald Meyer Heiberg villreinarenaen i Ryfylke og Setesdalsheiane. Det var ikkje tilfeldig at denne mannen kom til Lysebotn i 1904, ærendet var å kjøpa villreinfjell. Lyseheiane var utlyste for sal, grunneigarane kunne ikkje bruka heia lenger som følgje av rovdyrplaga, og dernest trong dei pengar. Heiberg hadde pengar, han var lidenskapeleg interessert i jakt, og nå opna vegen seg for å få råderetten over svære heieområde der han åleine kunne disponera jaktretten. Den nye lova av 1899 var årsaka

*«Bruralè» i nødlingfaret på Vassberga. Foto: Arne Kleppa*






*Thorvald Meyer Heiberg med felt storbukk.  
Foto: Arkivfoto*

til det. Dette er ikkje staden for omfattande skildring av Heiberg-eventyret, men det han gjennomførte i første halvdel av 1900-talet med positiv verknad for levекåra til villreinen i heiane våre, er av så vesentleg karakter at noko må med.

Heiberg tileigna seg i løpet av ein tiårsperiode om lag éin million dekar høg fjellsområde i Ryfylke og Setesdalsheiane. I Hjelmeland kjøpte han Førreheia og Reinstølheia og dessutan ein åttandedel av Nilsebuheia og to åttandedelar av jaktrettane. Heile Reinstølheia og store delar av Førreheia vart seinare lagde ut til statsallmenning. Storstilt rovdryrutrydding og intens og målretta kamp mot det Heiberg kalla krypskyting på villrein, var verkemiddel han sette inn for å verna og auka villreinstamma.

*Villreinen står foran utryddelsen. Hytter, hoteller, veier, jernbaner og sykler. Biler og motorcykler tøffer gjennom villrenens gamle domæner. Skiløpere fra by og bygd med beste sort vinterutrustning, siste nyt i pris-*

*Kartutsnittet viser at Førreheia var ein liten del av oppkjøpa til Heiberg (8-1 og 8-2) oppe til venstre.*





*mekikkerter i sækken og landets dødeligste våben paa ryggen – Kragriflen – ligger uke og månedsvis til fjells på jagt i fredningstiden om vinteren. Hvorledes kan man tenke seg at der i længden kan slagtes mere end der fødes hvert år. Underlig at der endnu er noen dyr tilbake.*

Denne kraftsalva er innleiinga på ei lengre avhandling Heiberg la fram på 20 talet som lekk i arbeidet sitt. Tiltaka var utan tvil sterkt medverkande til at villreinstamma frå starten av 30-talet og utover tok seg sterkt opp att. Ei stortingsmelding frå 1957 er heller ikkje småleg i ordvalet. Heiberg blir i meldinga gitt mesteparten av æra for at den sørlegaste villreinstamma i Europa vart berga.

Etter ny jaktlov av 1899 skulle ein gjerne tru at tilhøva var ordna til fred og fordragelegheit for dei fleste. Tvert om, det vart lurveleven som aldri før: Grunneigarane hadde vorte suverene jaktrettshavarar, men kimen til mykje trette og ufred var nok spørsmålet: Kven kunne hevda eigedomsretten i dyreheia? Veidemannene hadde i uminnelege tider hevda at dyreheia var ingenmannsland, med andre ord allemannseige. Ei snarleg oppklaring i eigedoms- og dermed jaktretten i dyreheia var difor nødvendig. Uavhengig av ny jaktlov, Heiberg og heile sulamitten ville villreinjegerane framleis hevda jaktrett i dyreheia. Ettersom ny jaktlov bana veg for store private oppkjøp av jaktfelt i både låg- og høgheia, vart det nødvendig for staten å finna ut kva som kunne

gjerast for sikra jaktrett i delar av villreinområda for alle. Å etablere statsallmenningar i heile landet vart eit delresultat i så måte.

Rasmus Ulladalen, eller «Store-Rasmus», er ein legendarisk person knytt til veidemannslivet. Som jeger og heiemann finst det visstnok ikkje maken til denne mannen i manns minne. Han var fødd i 1826 og døydde i Ulladalen i 1911. Rasmus jakta over svære område, mellom anna mykje i områda rundt Undeknuten. Delar av desse områda er i dag ein del av Hjelmeland statsallmenning. Tidlegare har vi vore inne på alle plagene jegerane hadde til langt mot slutten av 1800-talet med mangel på husvære. Det som fanst, var stort sett miserable krypinn under store steinar, men som gav nødvendig livd for regn og vind. Rasmus ville ha slutt på dette. Han tok initiativet til å få reist enkle jakthytter der det som minimum var råd å turka klede, koka seg mat på skikkeleg vis og ikkje minst kunna sova under tak utan å skamfrysa. Jakthytta på Undeknutfossen eller «Hyttå på Fossen», var ei av desse. Hytta vart bygd før ny jaktlov vart innført. Bygningslova kom ikkje før i 1965, og dermed meinte mange at det var fritt fram å byggja når ein ville, og kor ein ville i dyreheia. Dyreheia var jo frå gammalt av for alle. Etter 1899 meinte sjølv sagt grunneigarane noko heilt anna. På slutten av 1920-talet vart hytta bortimot øydelagd av brann. Brannårsaka vart aldri oppklara, men fleire ville seinare ha det til at brannen var påsett, og at det kunne ha noko med eigedoms- og jaktretten å gjera. På ei gryte som

*Representantar frå Høyfjellskommisjonen på synfaring rundt 1920. Foto: Nasjonalbiblioteket*





låg utanfor hytta, stod det skrive:


«Når hytten faller, da får vi kronen.»

Ikkje desto mindre vart hytta nokså raskt reparert på staden og eksisterer i beste velgåande den dag i dag etter at ho vart flytta noko høgare opp i terrenget som følge av etableringa av Blåsjømagasinet. Om Rasmus Ulladalen vart det i nekrologen sagt dette:

«Med ham mistet Ryfylkefjellene sin beste sønn. Ingen kjente den som han – og ingen forstod den og satte pris på den som ham. Viddens helt og tro tjener.»

## Gradvis endring av butilhøva i dyreheia

Utover i første halvdel av 1900-talet skjedde det radikale endringar for svært mange jegerar når det gjaldt opphaldet i dyreheia. Tidlegare har vi snakka om «Hytta på Fossen», men utover denne fanst det ikkje andre hytter i dyreheia bortsett frå nokre få bygde primært som tilhaldsstad i samband med husdyrdrifta sommarstid. Desse nytta sjølvsagt jegerane òg seg av. Dei fremste døma på slike stader er Nilsebu og Grasdalen. Dei fleste jegerane måtte difor langt inn i 1900-talet ty til hellerar. På denne tida kunne det i tillegg skje at det vart brukt telt, men det var berre for dei som hadde hest med. Det nytta ikkje å drassa med seg telt i tillegg til alt anna utstyr. Historier om både 70



Rasmus Ulladalen. Foto: Ryfylkemuseet

*Jakt med hest og telt i Årdalsheiane i slutten på 1930-talet. Foto: Privat*





og 80 kilo på ryggen utan telt er det mange av. Ikkje alle av desse er like truverdige.

Hellerane var spreidde over heile heiane og svært ulike i storleik og kvalitet. Dei mest kjende og nytta på denne tida er desse:

**Vassrauvhelleren** under Vassrauvknuten like ved Vassrauvtjørna og turistvegen mellom Nilsebu og Litle Aurådalen. Mykje tyder på at Sigbjørn Obstfelder med si danske frue på høghæla skor fann nattely her på den dramatiske og berømte turen frå Bratteli i Setesdalen til Årdal.



**Storådalslega (Snøftebu)** i Storådalen på austsida av Storåna om lag ein kilometer nordaust for Skrubbavaudet. Helleren var ein av dei beste, her var høgt under taket, turt og romsleg. Det vart til og med installert omn.



**Søra lega i Krumsåkvvelven**, lengst nord på flaten i Krumsåkvvelven ved porten til Kvilldalsjuvet.

**Helleren i Kvilldal**, i urene på austsida i sørenden av flatane i Kvilldal.

**Jensahelleren** nord for Årdals-Krymlevatnet om lag 500 meter sør for turistvegen mellom Eidavatnet og Storsteinen. Her er eigentleg to hellerar.



**Verheller** ved Verhellervatnet.

**Sanddalshelleren** på vestsida av tidlegare Nedra Sanddalsvatnet (Blåsjø), om lag ein kilometer nord for Blåfjellhytta.

**Blåfjellhelleren** på Torjå under Stora Blåfjell.

**Knudåhelleren**, om lag 500 meter nordvest for Knutåvatnet under Auråhorten.

**Storhiller** ved Storhillervatnet. Dette var opphavelag ein vanleg heller, men det særlege her er at det er bygd ei lita hytte under sjølve helleren. Her var det jaktlag til rundt 2000.



Dei siste hellerane som var i bruk av jegerar, var Vassrau, Storådalslegå, Søra lega i Krumsåkvvelven og

*Bilda til høgre, frå øvst:*

*Vassrauvhelleren i nyare tid. Foto: Privat*

*Snøftebu (Storådalslega) Foto: Kjell Helle-Olsen*

*Jensahelleren til høgre i biletet med varde på «taket».*

*Foto: Arne Kleppa*

*Sanddalshelleren. Foto: Arne Kleppa*





*Søra lega i Krumsåkvvelven. Foto: Kjell Helle-Olsen.*

Jensahelleren. Det siste jaktlaget som låg i Jensahelleren, flytta derifrå så seint som i 1986.

Midtvegs i første delen av 1900-talet vart tilhøva gradvis endra. Stavanger Turistforening hadde nå fatta interesse for hyttebygging i dyreheia eller så langt inne i heia at hyttene kunne nyttast av jegerar. Blåfjellhytta vart bygd i 1919. 10 000 kilo materiale vart bore på frå Førre for 1 krone per kilo. Åtte år tidlegare vart hytta i Nilsebu innvigd. I tillegg kom det òg etter kvart opp private hytter langt inne i heia. Hytta ved Litla Blåfjell (Litle Blåfjelldalen) er eit slikt døme.

*Blåfjellhelleren på Torjå. Foto: Kjell Helle-Olsen*



Etter siste verdskrigen var det stort sett slutt på tida då jegerane måtte finna seg i å overnatta i primitive hellerar og anna provisorium. Berre dei som ennå valde å krypa «runde», det vil seia med alle kledda på, var att. Dei la seg i soveposen med von om at det meste av kledda var turka før det grydde av dag. Særlingar og folk som ikkje visste sitt eige beste, vart det sagt. Før soveposen si tid låg jegerane under ein felles fell, eller rugge som var daglegtalen for den slags. Atmosfæren under rugga var oftast ikkje akkurat frisk luft. Ein gong vart det så gale at ein av jegerane måtte seia ifrå til ein av dei andre, som var mistenkt for å lufta

*Eldgammalt gevir med innskorne initialar funne i Blåfjellhelleren. Dei fire første bokstavane er store bokstavar: PKST. Funn og foto: Kjell Helle-Olsen*







*Storhiller. Her er funne flintgjenstandar og brende beinfragment som kan daterast til å vera over 7000 år gamle. Den eldste kjende buplassen i Hjelmeland, seier Sveinung Bang-Andersen ved Rogaland Arkeologiske museum , Universitetet i Stavanger. Foto: Kjell Helle-Olsen*

skikkeleg ut av gassen som kom innanfrå:  
«Nå må du da halda opp med denne fisinga – eller så kjem eg til å døy av denne fæle lukta.» «Kor vil du hen som er betre?» svara den andre.  
Det høyrer med til historia at utanfor herberget var det full snøstorm.

## Frå matauke til oppleving

Med få unntak er det grunn for å hevda at villreinjakta for inntil for 100 år sidan gjekk frå å vera meir eller mindre nødvendig for livberging til å få jaktopplevinga som den viktigaste drivkrafta. Fram mot 1950 var jegerane stort sett folk med jaktrett på eigen grunn med følgje med tillegg av nokre få som fekk løyve i statsallmenningen. Jegerane var også fram til denne tida menn. Den første kvinna på villreinjakt, vart observert i våre heiar så seint som på midten av 60- talet. Det var nesten ikkje til å tru, men likevel sant.

Kvota der var lita ettersom det var først på slutten av 1930-talet at dyrestamma for alvor tok seg opp etter ein lang nedgangsperiode. At det var 10 jaktløyve i Suldal statsallmenning i 1939, men ein søknadsmasse på 170, seier det meste om den saka. På den tida var det berre unntaksvis at villrein vart observert heimover i dei områda som i dag blir kalla randområde.

Situasjonen med omsyn til villreinjakta i åra 1940 til 1945 må nemnast særskilt. Kjøtet frå villreinen var i krigsåra meir viktig for mange enn nokon gong før, men ingen hadde på lovleg vis høve til å jakta. Alle våpen skulle folk levera frå seg, men dette vart nok i mange tilfelle sabotert. Skulle du på reinsdyrjakt, måtte du ha våpen, enkelt og greitt, men det var bokstaveleg talt livsfarleg. Vart du teken med våpen i hand, kunne vegen til dødsdom vera kort. Likevel var det mange som tok denne risikoen. Folk strauk til fjells nattetid og kom seg òg usette heim att på svarte kvelden og natta. Det er fortalt at jegerar som kom til Førre sjøvegen, søkkte båten med stein for at ingen skulle sjå han.





Jaktlag i Jensahelleren i 1981. Framme frå venstre: Arne Kleppa, Oliver Hausberg. Bak frå venstre: Svein S. Kleppa, Ola J. Hagalid, Torstein Vika, Nils Hauge og Jens Kleppa. Foto: Geir Sveen, Stavanger Aftenblad. Under: Blåfjellhytta slik ho var som ny i 1919. Biletet er teke rundt 1930, truleg i samband med vassmåling. Heilt til venstre i biletet ser vi Jone Fundingsland, framme i midten sit Andreas Hauge, og heilt til høgre står Johannes Hauge (Følekammane). Foto: Ryfylkemuseet







*Jegerar i soveposane under Jensahelleren i 1981. Frå venstre: Arne Kleppa, Nils Hauge, Jens Kleppa og Ola J. Hagalid. Foto: Geir Sveen, Stavanger Aftenblad.*

Fram til midten av 50-talet måtte alle som ville til dyreheia, koma seg fram til fots. Nødvendige ting for jakta måtte berast på eigen rygg. Det fanst unntak, meir eller mindre ille medfarne farkostar som på hjelmelandsdialekten vart kalla «pråmar» (prammar). Desse var gode å ha for å ta seg over vatna og ikkje minst for å frakta kjøtet i. Det er historier om fleire tragediar frå slike båtferder, men merkeleg nok ikkje i jaktsamanheng. Det var det sjeldan særleg såkalla fribord når det vart lagt frå land, noko biletet nedanfor er eit representativt døme på.

Berre nokre få jaktlag kunne unna seg luksusen ved å leggja børa på hesteryggen. Frå Førre var det umogleg å bruka hest. Nes i Årdal og Kleivaland i Hjelmeland var derimot gode innfallsportar til dyreheia med hest. Frå Nes til Nilsebu var hestevegen i stor grad samanfallande med driftevegen. Sjølv Snetonå like ved Nilsebu var hesteveg, dette trass i at alle som går der, ser at samarbeidet mellom hesten og mannen måtte vera godt utvikla akkurat her. Turen frå Kleivaland til Krum-såkvelven var heller ikkje ufarleg. Siste kneiken frå Slettedalen og opp på Luseheia er så bratt at hestane på oppturen stod i fare for å slå kollbøtte baklengs, og på nedturen det same framlengs. At hestekaren fungerte som lodd i hale og hovud, var nødvendig for å hindra mogleg katastrofe.

Desse turane var ikkje for urøynde folk. Omfattande samhandling mellom hesten og mannen vart gradvis utvikla. Mannen måtte læra korleis hesten ville te seg i ulike situasjonar, og hesten, som det kloke dyret det er, reagerer etter kvart programmessig instinktivt på grunnleggjande signal frå husbonden sin. Den som har hatt gleden av å følgja ein slik ekvipasje, blir ganske raskt både audmjuk og imponert.

Det siste jaktlaget som gjekk til dyreheia med hestar, var søskena Ola, Olav og Tryggve Laugaland i tillegg til Paul H. Mæland. Desse karane heldt det gåande med hestane sine til slutten av 80-talet. To dagar før jakta starta, klokka 08.00 presis, starta dei ferda frå Laugaland. Det var den same prosedyren før ferda, under ferda, på jakta og heim att, alltid, i 40 år!

Frå Nilsebu til Årdal er det gjennom tidene frakta tonnevis av reinsdyrkjøt på hesteryggen. Hestetransporten vart avslutta her då Lyse bygde veg frå Lysebotn til Nilsebuvatnet på 50-talet.

Den siste hestetransporten vi kjenner til frå Nilsebu, vart gjort i 1957 då Einar Kaltveit henta kjøt for faren, Osmund Kaltveit, sitt jaktlag. Osmund er ein av dei mest kjende villreinjegerane i Årdal i nyare tid. Han starta med villreinjakt i ung alder og heldt det gåande til 1982. Han døydde seinare same året, 87 år gammal. Det vil seia at han dreiv meir eller mindre samanhengande villreinjakt i vel 60 år.





*Jaktlag på veg til Litle Blåfjelldalen tek seg ein pust i bakken i Øykjalia. Biletet er teke rundt 1950. Nummer to frå venstre er Andres Laugaland og heilt til høgre Olav Hagalid (med slips). Foto: Privat*

## Dyreheia for alle

Mykje tyder på at siste halvdel av førre hundreåret vil bli ståande som glanstida for villreinjakta i Hjelmland. Mange ulike omstende gjorde at jakta i fleire tiår i denne tida korkje før eller seinare har hatt si like. Ho-  
vudgrunnen er sjølvstøtt at villreinstamma hadde vore i kontinuerleg vekst frå tidleg i førkrigstida til ho toppa seg på midten av 80-talet. Småflyet gjorde òg inntog frå midten av 1950-talet og utover. Dermed kunne folk koma seg til fjells på ein halvtime utan å gå eit skritt: kor som helst og når som helst, berre det var flygevær og vatn der flyet kunne setja seg nedpå eller, endå viktigare, kunne koma derifrå. Det kunne verkeleg gå på nervane laus både for pilot og passasjer når flyet skulle kava seg opp frå fjellvatna med full kjøtlast. Svære telt vart bringa med som husvære, og såleis kunne det til stor irritasjon for mange bu jegerar midt i dyrereks-  
teren. At dei same kunne observerast på campingstolar utanfor teltet med flybore øl i kassar, gjorde ikkje situasjonen betre. Spriten hadde frå gammalt av vore nytta og akseptert som «medisin» blant dei fleste jegerane uansett stand eller stilling, men øl i dyreheia, nei, det var over grensa for kva mange kunne godta.

Den mest markerte epoken for flyborne jegerar til dyreheia i Hjelmland var frå starten av 1960-talet og til midten av 1980-talet. Når flyvêret var usikkert og alle



*Jaktlag på Nilsebuvatnet først på 50-talet. Osmund Kaltveit lengst framme. Foto: Privat*



Stavanger Aftenblad 27. august 1983

skulle i veg samstundes, gjekk det ikkje alltid like fredfullt føre seg. Alle meinte å vera først i køen. Ventetida kunne bli lang, og mang ein gong vart den flytande provianten drastisk redusert lenge før tida. Det var ved eit slikt høve i Førre at Jensahelleren fekk sin siste renesanse. Helleren hadde lenge vore ubrukt av di ein heil saueflokk hadde enda sine dagar her, då dei ikkje kom seg heim i tide før snøen kom. Nå var det likevel gått så pass mange år at fire karar fann ut at det var betre å bu i fred blant morkna sauebein i Jensahelleren enn i spetakkelet i ei overfylt Blåfjellhytte. Dermed kom helleren i bruk att og vart eit kjært herberge i 20 nye år slik han hadde vore i så mange år tidlegare.

Småflya tok av overalt. Var det dårlege vèrtilhøve for flya, kørde folk til Setesdalen og tok fly derifrå, til dømes til Storsteinvatnet eller Beinleivatnet. Flyvèret var ofte betre frå austsida når lågtrykka frå vest stod i kø. Likevel var det ikkje alltid då heller at sikkerheitsmarginen var på rette sida. Om piloten ikkje alltid var like godt kjend i dyreheia, så skulle jegeren vera det. Likevel vart det ved fleire høve sett jegerar i land på plassar dei absolutt ikkje burde ha vore. Holmen i Trea


Undeknutvatnet som «over natta» fekk namnet Las Palmas, var eit resultat av at korkje pilot eller passasjerar var kjende i terrenget.

Eit vesentleg moment i samanheng med det å koma seg lett vint til fjells var òg alle anleggsvegane som åt seg innover heiane frå rundt 1950 og utover. Lyseutbygginga sytte for veg frå Lysebotn til Nilsebuvatnet og frå Årdal til Lyngsvatnet. Med Ulla-Førre-utbygginga kom det veg langt inn i dyreheia og veg frå Førrebotn til Glommedalen. Jegerane kom seg eit godt stykke med bil og brukte deretter båt i vatna. Desse vart etter kvart svære vassmagasin; tidlegare barrierar mellom vatna eksisterte ikkje lenger. Det var med den utviklinga flytransporten i stor grad vart historie i heiane våre.

Den første villreinjakta mi var i 1965. Dette året var det 120 jaktløyve i Hjelmeland statsallmenning, med om lag like mange løyve på privat grunn. Kunne dette vera berekraftig og klok forvaltning? Folk gjekk «mann av huse».

På denne tida var alle jaktløyve det som i dag heiter





*Nils Skogerbø klar for heimtur frå Nilsebu. Foto: Privat*



*Osmund Kaltveit i sitt heierike. Foto: Privat. «Fjellet drog heile hans hug, og ingen var så lokalkjend i heia som han.» (Nekrolog i Stavanger Aftenblad 28. desember 1982.)*

# Norges eldste jaktlag

Hardhauser på 80  
skjot full kvote på Nilsbu

Tekst og bilder: Geir Sveen



– Vi er en gjeng pålunger på eldretreff, sier jaktinstruktør om ang selv. Fra venstre ser vi sjefen Osmund Kaltveit, Reidar Mæland, Jone Hagalid, Knut Førland og Gustav Kaltveit. TV sammen er de 462 år.



**D**et gjør godt å komme i hua igjen. 78 år gamle Jone Hagalid gjør frampåen forsiktig etter den harde østervinden. Lagssjefen får det igjen for å si i hørdene. Været tidligere på dagen var zænten ikke for folk å være ute i. Medbrøen skit-let mellom skudd og hagt. Vindene hadde stanna stykke. Men jaktlaget i Nilsbu var ikke i tvil: Skulle reinen tas, måtte den jaktes på nå. Jakttiden ebbet ut, og været hadde vært like dårlig hele viken. Det var kaldt i fjellet, og temende i Jone hovest så nye opp at han ikke fikk på seg vottene. Men jegerne var ikke så nye på det. De fikk skutt en rein, og varmede hendene på den. Nå sitter hele gjengen godt og varmt rundt lagbordet på Nilsbu-hytta. Og det er ikke noen hvilken som helst gjeng. Det er det eldste jaktlaget i Norge.

**Reinsdyrjakten har vært svært sur og kald i år. Men uværet kunne ikke hindre jaktveteranene Reidar Mæland, 87, Osmund Kaltveit, 84, Knut Førland, 79 og Gustav Kaltveit 74 i en barsk tur til fjells. Aftenbladet fulgte Norges eldste jaktlag på den siste dagen av jakten i**

– Men det er ikke bare for jaktens sin del at vi er her. Det er like mye for naturen, blir gjengen sannsynlig fast. De er alle enige om at det ikke finnes bedre form for passivitet enn en tur til fjells. De sier spesielt om seg selv at de er en gjeng pålunger som er på eldretreff. Oppgavene har de det: Det er bare Osmund Kaltveit og Jone Hagalid som deler på selve jakten. Reidar Mæland og Gustav Kaltveit er beredningshjelpere og spisekokk. Knut Førland er fisker, men været gjorde at det ble heller smått med fisk. Likevel, alle er med på laget, som de har stått trolig opp om i mange år. Alle bortsett fra Knut Førland, er sportslig fra Arnlid, men både Mæland, Osmund Kaltveit og Førland bor nå i Stavanger-området.



«fritt dyr». Då er det nokså innly- sande at det måtte gå som det gjekk. Alle jegerane gjekk etter bukkar – reinar – som dei heiter på språket vårt: dei største og dei med det mest staselege geviret, sjølvsgat.

Ingen visste den gongen at nedsky-tinga av dei største bukkane hadde noko med brunsttida for simlene å gjera. Retta avskyting måtte det bli. Kor retta ho eigentleg vart etter dette, er det vel likevel delte meinin- gar om. Nye jaktkort var etter kvart utvikla. Det vart slutt på ein hand- skreven brevlapp der jaktrettshavar- en skreiv at du kunne skyta eit visst tal dyr uspesifisert. Dei nye jaktkorta skulle delast i to straks dyret var felt. Du ville bli straffa om du vart hekta av oppsynet og kjøtlappen ikkje var festa til kjøtet. Ingen visste om noko jaktoppsyn i 1965, og jakta vart diverre av og til merkt av det. Grensene mellom ulike jaktområde vart nesten defnerte som i den udøyelege Heide Steen-sketsjen: «Det fins jo ingen grenser under vann.»

Stavanger Aftenblad 29. september 1979. Frå venstre: Osmund Kaltveit, Reidar Mæland, Jone Hagalid, Knut Førland og Gustav Kaltveit. Foto: Geir Sveen.



Flyet har avløyst hesten. Frå venstre: Kristen Ingvaldstad, Bjarne Byrkja og Olav Byrkja. Foto: Stavanger Aftenblad





*Båten har avløyst flyet. Oliver Hausberg er god med årane, medan Ola J. Hagalid ser ut til å vera glad for å vera passasjer. Foto: Arne Kleppa*

Kuler med heil mantel fekk ein omgang på slipes-teinen for å bli butte i spissen. Nokre meinte at kula dermed vart like godt eigna som den påbodne kula med blyspiss. Geværet var hjå enkelte jegerar ladda med fullt magasin, sjølv om det på denne tida var påbode med plombert magasin. Det skal berre vere éi patron i børsepipa, basta.

Etter mange sitt syn var dette ein tåpeleg regel, men slik var det. Lensmannen skulle plombera med stempelet sitt, og berre han kunne bryta seglet når tida var inne. Enkelte var mindre lovlydige enn andre akkurat på dette punktet, og «jøsnesskyting» vart eit munnhell hjå mange. Om dette var rettmessig eller ikkje, skal vera usagt. Kor mange dyr jaktlaga kom heim med etter enda jakt, var heller ikkje alltid samsvarande med talet på jaktløyve. Om ein fekk dyra på lagleg stad for veiding, var det ikkje alltid lett å halda seg i skinnet. Når det i tillegg gjerne kunne vera opptil fire–fem personar utan kommunikasjon seg imellom som fyrte laus på same flokken samstundes, ja, då kunne resultatet bli som ein jeger fortalde:

«Når me va ferige, låg der seisen (16) dyr.»  
Så vart det oppsyn etter kvart, og godt var det. Likevel var fri framferd så innarbeidd over så lang tid at lenge etter at det var vanleg med jakttoppsyn, var det ein

eigen sport i det å prøva å lura vakta.

«Han ska leida godt for å finna kjødet vårt», var det ein jeger som sa. Han hadde plassert dyreskrottane på ein holme.

Han hadde båt, må vita.

Villreinen i Hjelmelandsheiane har alltid vore svært sky. Ja, så vare og ville at du svært sjeldan såg dei same dyra att seinare på dagen om dei vart skremde. Dette var nok noko av årsaka til at enkelte jegerar løyste skot, sjølv om dei aldri burde gjort det. Skyting på altfor langt hald, i fart, i flokk og skyting lenge etter at ho burde vore avslutta, kunne difor skje.

«Eg skaud så lengje eg såg di», kunne du av og til høyra jegerar som sa.

Er dette den allmenne jaktkulturen som rådde på denne tida? Svaret er nei. Dei aller fleste villreinjegerane agerte slik dei skal og bør gjera, uansett situasjon. At du ikkje var så nøye med kor grensene gjekk, eller at du kom heim med fleire dyr enn du burde, er noko anna enn møte mellom folk og dyr i jaktsituasjonen. Dyret har krav på human åtferd frå jegeren, og akkurat dette har vore og er styrande hjå dei aller, aller fleste som med gevær «stiller inn» på juvelen i høg fjellet, villreinen.





*Stolte karar og fine reinar. Frå venstre: Ola Segadal, Knut Gjil, Jarl Hauge, Jakob Segadal og Bernhard Skaar. Foto: Privat*





## Utstyret

Krag-Jørgensen-karabinen var i før- og etterkrigstida og fram mot 1970 det dominerande jaktgeværet. Ein og annan meir eller mindre blasert jeger kunne likevel glimra med spesiallaga jaktvåpen med kaliber 7,62. HV-mauseren dukka òg opp av og til. Det kunne vera lånt gods blant unge jegerar som ikkje hadde råd å kjøpa seg våpen, eller blant HV-folka sjølv. Tidleg på 1960-talet gjekk «Kragen» ut av di låskassen ikkje var dimensjonert for å tola nye krav til ladningsstyrken på 6,5 mm-patrona. Dette medførte eit samansurium av jaktvåpen, frå Tikka eller Sako til ei mengd ombygde våpen, stort sett alle med 7,62 mm. Det var på denne tida dei første kikkertsikta òg dukka opp. Ein revolusjon er rette ordet, sjølv med enkle og billige sikte. Nå for tida er du «gammaldags» om du ikkje stiller med gevær, kikkertsikte og handkikkert til ein samla pris frå 70 000 kroner og oppover.

Om du spør folk i dag kva «slisker» er, vil dei rista undrande på hovudet. Likevel var dette eit mykje nytta fottøy før fjellskorne si tid. Det er ganske så utruleg, for fottøyet som ikkje kan kallast skor etter krava for fottøy i dag, var enkelt sagt ubrukelege. Dei var beintfram gummikalosjar utan hæl, meir eigna som ski enn skor, livsfarlege, rett og slett. Likevel må det seiast at dei var lette, som om du skulle ha vore berrføtt. Dessutan heldt du deg turr på føtene i det lengste. Nå ser du praktisk talt ikkje folk på villreinjakt utan fjellskor. Dei første jegerane som tok desse skorne i bruk på midten av 80-talet, vart møtte med hånletter. Latteren har stilna for lenge sidan.

«Ka slags kikkert `e dette?»

I alle år var dette det store temaet blant jegerane. Kven hadde best kikkert? «Russarane» måtte melda pass direkte.

«Dei `e `kje brukbare!»

Dette var omkvedet blant alle som ikkje hadde kikkert produsert i land bak jernteppet. Her var det likevel eitt viktig unntak – nemleg den tyske Zeissen.

Gammaldags, god oljehyre måtte til for på beste måten å verna seg mot regn og vind. Tunge og ukomfortable var dei på alle vis, men du var turr i det lengste. Det er alt anna enn det som kan seiast om nymotens greier som erstatta den gamle oljehyra. Våt til skinnet blir du uansett på dagar med lågtrykk frå vest, og dei er det mange av i Hjelmelandsheiane.

Ryggsekkene er òg eit kapittel for seg. Utover på 1950-talet var det heilt slutt med å bera heile dyr med hud og hår på nakken.



*I gamle dagar var der nok lite av nål og tråd med i sekken. Foto: Arne Kleppa*

Ryggsekkene var komne for å frakta dyra på manneryggen. Det var ikkje måte på forteljingar om karsstykke som gjaldt tyngda på kjøtbørene. 50, 60, 70, ja, opptil 80 kilo vart det bore på ryggen frå dyreheia til bygda. Det er ikkje sikkert at alt var basert på etterretteleg veging, men at det kom bærer heim med vekter langt over det forsvarlege, kan det ikkje reisast tvil om. Den som skulle bera skikkeleg, hadde alltid tau i sekken. Dette vart på finurleg måte festa i meisa for å letta på presset på hofter og aksler. Den gamle, gode «rypesekken» vart etter kvart avløyst av stødige pakkrammesekker med vasstett stoff, produserte av mellom anna Bergans og Norrøna.

## Jegersjargongen

### Oppladinga heime før jakta

Ska du på dyrå i år? Har du teje prøven? Kor é det du har kort henne?

Ska du fyga, elle ...? Har dokke mange kort i lajet? E det hidleren i år òg? Kinn é det så ská av gåre i år? Å, ska kjé han vára med, é han blidde for gammadl, elle é han sjuge? Ka tid fére dokke? E det du så ska syda for det flydane? Eg kan`kje gå på polet, vett du! Kor møje ska me ha av den sorten i år, tru?

### Dagen før dagen

Eg ligge rónne. Me må ta ud så me é på plass når der é skydelys. Du tege kogaren, så tege eg kaffien. I mårå legge me i dong i den narraste fonnå. Enkle dyr må me ta med oss herté. Någen må sidja på post, å någen må gå. Pass på véen – meldinjå é atte han é frå sydvest. Vindsedjing é bannlyst. I mårå bler der kaldt å surt, ta med nok kler, å pass på atte dokke har skåd nok.

### Før jakta

Det rigne kattungar, forbaska nå når me har hatt så møje fint vêr i sommar. Han rive nok i når det lir på. Denne fortærane lommeløktå, nå vil hu `kje lysa igjen.





*Dyr med skinnen på er kome til Førre på ryggen til Ola Segadal i midten. Ola er flankert av Ola E. Gjil til venstre og Jakob Segadal til høgre. Biletet er teke på slutten av 30-talet. Foto: Ryfylkemuseet*

Hiv skiden. Nå må me passa på å ikkje vinnsedja føre me é framme. Sjåååå ..., der, forsyne meg, dyr! Rab-adyr, men der é eit par fine reinar inni flokkjen. Di é rolege, og trekkjen é fine – berre der nå ikkje kjeme någon svimlingar å skreme di. Eg legge meg ner der me trur di fere, så prøve du å sniga deg innpå. Å ..., sjå der kjeme der andre jegerar, eg trur `kje di har sitt dyrå, men me skå vara føre di uansett. Ingjen ting å drila itte, me går!


### **Etter jakta**

Den kalven vá fine – å, så fint så han é skoden. Men denne simlå é visst staurgammad`l itte så det ser ud på tednene. Radmager é hu òg, men eg fekk kje drette på någon av dei andre i farten. Det va litt av ein reid`n det der! Råste håden har han òg. Ka trur du han vege? Han é `kje eit gram onna 80. Sjå på dei hodná, nasafjøl liga fram te mue`l. Han har visst måtta eda onna bakkjen, den karen. Nå får me vomma ud og så leggja i dong. Der é ei fonn liga attemed. Elle så får me søkkja di ner i tjødnå der borte med skinnen på.

\*\*\*

Dette er eit utval ord og utsegner dei fleste jegerar frå siste delen av det førre hundreåret vil nikka attkjen- nande til i distriktet vårt.

*Svein S. Kleppa med «råste håden med nasafjøl» på ryggen. Foto: Arne Kleppa*



## Dyreheia som drukna

*Det står en hytte langt inne i fjellet, en bu  
Allemanns er den, men ingen vet om den – gjør du?  
«Undeknutfossen» er navnet, ren poesi.  
Syv og tre kvart kvadrat for maksimum ni*

*Sist gang jeg så den – i fjor – stod det gufs av en grav.  
Kvitedaudsmerke var satt: en vannmålerstav.  
Hytten skal flyttes og fossen skal senkes i sjø.  
Sport blir tilbake, men lemenlorten skal dø.*

Det er Egil A. Wyller som på denne måten i to av versa i diktet sitt «In Memoriam» uttrykkjer forvandlinga som skjedde med svære område av dyreheia då kraftanlegget Ulla-Førre vart bygd midtvegs i siste halvdel av 1900-talet.

Tre stikkord er nok som illustrasjon på omfanget av anlegget:

- Blåsjø – Noregs desidert største kunstige innsjø, på 88 km<sup>2</sup> med høgste reguleringshøgde på 1055 o.h. – tidlegare dyrehei i Bykle, Hjelmeland og Suldal kommunar

- Takrenneprinsippet – spindeltev av sjakter og tunnellar på 600 meters nivå for oppsamling av vatn tilrette-

lagt for å bli pumpa opp i Blåsjø

I anleggstida vart det spøkjefullt sagt at den som kom i anleggsområdet og fekk trong for å lata vatnet, måtte passa på å finna ei sjakt. Ikkje ein drope vatn skulle gå utanom turbinane.

- Dammar og anleggsvegar anlagde i dyreheia utan sidestykke i norsk vasskrafthistorie

Kva verknad denne situasjonen har for villreinen og villreinjakta – nå og i framtida – er det mange meininger om. At villreinen praktisk talt har vore borte frå Hjelmelandsheiane i nærare 20 år, kan det derimot ikkje vera usemje om. Det er kanskje heller ikkje tilfeldig at symptoma vart synlege kort tid etter at Ulla-Førre var ferdigstilt på slutten av 1980-talet. Det er lita endring å spora, trass i at villreinen i områda våre har vore freda for jakt i meir enn ti år. Jaktstatistikken 1996 for Hjelmeland fortel det meste i så måte. Dette året vart det delt ut 233 løyve. Det vart felt ti dyr.

På heimtur frå jakt møttest to jaktlag. Det eine laget hadde full kvote og vel så det, det andre laget hadde ikkje sett «klaua», som dei sa. «Berre ei mengd med sauaskjid», var det syrlige svaret på spørsmålet om dei hadde sett dyr.

Episoden rører ved eit tema som har vore snakka om og spekulert rundt til alle tider. Er det godt samkvem

*«Hytta på Fossen» fotografert rundt 1960. Foto: Kjell Helle-Olsen*





mellom villrein og sau i same området? Dette er ikkje plassen for å behandla temaet vidare, men det er god grunn for å hevda at spørsmålet i våre område aldri har vore noko tydeleg stridstema – jamvel om sau og villrein i stor grad har levd side om side i tiår. Situasjonen har nok i stor grad samanheng med at svært mange av jegerane i Hjelmeland òg har sauer som beiter i dei same områda som dei jakta.

Alle turisthyttene og den tilhøyrande turisttrafikken har nok til sine tider vore eit meir ømtolig tema. Dette toppa seg med Heiberg og Stavanger Turistforening i Lysebu-området tidleg på 20-talet. Då trua Heiberg med å riva ned vardinga som skulle visa veg. Villrein og fotturisme i villreinen sitt rike er òg eit tema det kunne vore skrive mykje om. At konfliktane omkring dette er større enn rundt villrein og sau, er det likevel lite tvil om. Det er summen av alle forstyrrende element som er den store trusselen for villreinen, ikkje nødvendigvis enkeltelementa åleine. Eit typisk døme på dette er turisthyttene ved Storsteinvatnet som nå ligg midt i ein av dei få korridorane mellom aust- og vestheiane etter at Blåsjømagasinet og Svartevassmagasinet vart etablerte i siste halvdel av 1900-talet.

Villreinen i Hjelmeland har vore under stadig auka press like sidan 1950-talet. Ulike forstyrrende element som verkar inn på levkåra for villreinen, kan nemnast i fleng: kraftutbygginga til Lyse i Årdalsheiane frå

tidleg på 1950-talet, Statkraft sine overføringslinjer med utgangspunkt i Førre gjennom dyreheia i fleire traséar frå 1960-talet, Sira-Kvina med neddemming av Aurådalen, Øvre Storvatn med vidare på 1970-talet og endeleg Ulla-Førre på 1970- og 80-talet. Det kan vanskeleg hevdast at dette ikkje har hatt – og vil ha – negative konsekvensar for villreinen. Thorvald Meyer Heiberg hevda på midten av 1920-talet at «[v]illreinen står foran utryddelsen». Slik gjekk det ikkje – ikkje minst på grunn av tiltak han sjølv stod i bresjen for. Villreinen i Hjelmeland vil nok leva vidare, men at stoda på ny blir som i glansdagane frå tidleg på 1960-talet og i dei følgjande tjue åra, er det i dag svært vanskeleg å sjå føre seg.

*Førrevassdammen. Foto: Statkraft*





*Storsteinhyttene og Storsteinvatnet med Storsteinheia i bakgrunnen. Foto: Kjell Helle-Olsen*

## Sluttord

Det er knapt nokon som kan gi ei oppsummering av kva verdi dyreheia og villreinjakta har vore frå farne tider til i dag, betre enn Jakob Krumshagen gjer det i Stavanger Turistforening si årbok for 1970 i artikkelen «Livberging i tusen år»:

I dag betyr fellingsløyvet kvile frå stress-jobben, feststeik i djupfrysaren og trofé over peisen. Ein gong be-

tydde smellet frå reinskyttaren at ni svoltne born kunne overleva vinteren i ein avdal inne under storheia.

Om nokon av oss derfor i dag kjem så langt utanfor allfarveg som til Ulladalen eller Førre, så leitar me etter dei grøne flekkene mellom steinane, ristar på hovudet og spør kva dei levde av på slike plassar,

Dyraheio.

*Villrein. Foto: Ragnar Djuvik.*











*Villrein. Foto: Ragnar Djuvik.*